

### 3. Spørsmålet er stilt av Roy Tore Skaar, busett i Skjelangervegen

Spørsmålet gjeld hensetting av campingvogn, karosseridelar frå bilar, motordelar og anna avfall langs Skjelangervegen på Kårbø. Brevet med spørsmålet innheld namngitte privatpersonar og konkrete eigedomar og er derfor ikkje distribuert i møterommet. Ordføraren blir spurd om kommunen kan ta denne saka vidare, foreta synfaring på staden og ev. kontakte Statens vegvesen (SVV) om saka og få fjerna avfallet.

Generelt er forsøpling langs vegar eit fenomen som vi ikkje ønskjer. Bilvrak o.l. langs offentlege vegar er til sjenanse og kan medføre fare for forureining. M.a. forureiningslova gir både forureiningsmynde og politiet/påtalemakta eit spelerom her. Når det gjeld det som er på privat grunn er dette ei litt anna problemstilling. Her må den einskilde eller kommunen melde frå til grunneigar, eller den som eig avfallet, at det er til sjenanse og kan medføre fare for forureining. Omgrepet «sjenanse» har ei skjønsmessig side, men fare for forureining skal vere enklare å få gjort noko med.

Ordførar har rådført seg med leiar for Plan, utvikling og kommunalteknikk, og i det konkrete tilfellet det blir spurd om vil kommunen ta kontakt med sannsynleg eigar av avfallet, med tanke på å få det fjerna.

Frekhaug, 14.12.2016

Øyvind H Oddekalv

ordførar